Midlertidig VA-anlegg og VA-løysingar

Tilleggs-skriv til postane i kapittel 3.9. Forhold knytt til dette dokument skal inkluderast i postar i kapittel 3.9.

I samband med utskifting, omlegging og nyanlegg er det behov for å sikre at kommunens abonnentar har tilgang til vatn og kan levere avløp. Entreprenør må sikre at kommunens abonnentar i minst mogleg grad skal merke anleggsarbeida i samband med etablering av VA-anlegg.

Entreprenør må også i gjennomføringa av anleggsarbeida sikre at brannvassforsyning ikkje vært dårlegare enn i dag, Entreprenør må også handtere overvatn gjennom anleggsområdet.

Når midlertidig anlegg etablerast må det sikrast at endar som ikkje er tilkopla er blinda slik at grus/stein mv ikkje vert ført inn i røyr. Vassanlegg skal dessutan være sikra i forhold til hygiene for forbrukarar (hygienisk betryggande vatn).

Alle midlertidige anlegg skal fjernast når permanent anlegg tas i bruk og midlertidig anlegg tas ut av drift.

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

1 Plan for midlertidige anlegg

Entreprenør må legge plan for midlertidig anlegg. Ved utarbeiding av plan må entreprenør samordne med kommunens avdeling for Brann og Redning, kommunens VA-avdeling og kommunens Helseavdeling. Det må påreknas eventuelle møter for planlegging av midlertidig anlegg, og at krav fra kommunens avdelingar for Brann og Redning, VA-avdeling og Helseavdeling må innarbeidas i plan. Plan skal endeleg godkjennast av kommunen (aktuelle avdelingar) før plan iverksettast.

Det skal i samband med planlegging gjennomførast risikoanalyse der det går fram kva tiltak som skal settast i verk ved ulike tenkelege situasjonar. Det nemnast:

- Hygieniske forhold ved kontakt med avløpsvatn
- Hygienisk og sikker forsyning av drikkevatn
- Auka beredskap for Brann og Redning, brannvakter, forhold knytt til evakuering av dagens sjukeheim mv

2 Anlegg for spillvatn

Ved montering av V1, kryssande anlegg og ombygging av KSID 1044 kan det være at spillvatn midlertidig tas ut av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Ved utgraving av byggetomt for nytt bygg og etablering av V3/S2 vil leidning mellom KSID 1156 og KSID 21061 bli ute av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Ved etablering av grøft V4 – V5 – V6 er det to spillvassanlegg (KSID 1183 – KSID 21061 og KSID 1177 – KSID 1183) som kan kome i konflikt og vil kunne måtte tas ut av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Ved etablering av grøft V5 – KSID 773 vil spillvassanlegg mellom KSID 1183 og KSID 1185 kunne kome i konflikt og kunne måtte tas ut av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Spillvatn skal førast via røyr og eventuelle pumpeløysingar til nedstraums spillvassanlegg. Spillvatn skal normalt ikkje renne i gravetrau/grøft, men førast via lukka røyr. Forhold knytt til smitterisiko frå innhald i spillvatn (biologisk og kjemisk fare) skal vurderast ved løysingar. Det visast til Arbeidstilsynet (https://www.arbeidstilsynet.no/risikofylt-arbeid/biologiske-faktorer/).

Entreprenør må legge til rette for at personell som kjem i befatning med spillvatn har moglegheit for å vaske/dusje seg, skifte klede og ha moglegheit for å desinfisere seg. Dersom arbeidstakarar ønsker vaksinering jf. anbefalte vaksiner ved arbeid på/ved avløpsanlegg, pliktar entreprenør å tilby slik vaksinering til arbeidstakarar kostnadsfritt. Entreprenør har plikt å sikre at arbeidstakar som kan kome i kontakt med spillvatn skal ha naudsynt opplæring i smitterisiko, vidareformidling/spreiing av smitte, konsekvensar ved smitte mv. Slik opplæring skal være i regi av fagpersonar som bedriftshelseteneste eller tilsvarande.

3 Anlegg for overvatn

Ved montering av V1, kryssande anlegg og ombygging av KSID 1046 kan det være at spillvatn midlertidig tas ut av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Ved utgraving av byggetomt for nytt bygg og etablering av V3/S2 vil leidning mellom KSID 17708 og KSID 1184 bli ute av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Ved etablering av grøft V4 – V5 – V6 er det to spillvassanlegg (KSID 1167 – KSID 1184 og KSID 1036 – KSID 1180) som kan kome i konflikt og vil kunne måtte tas ut av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Ved etablering av grøft V5 – KSID 773 vil fleire spillvassanlegg mellom KSID 1162 og KSID 2897 mfl. kunne kome i konflikt og kunne måtte tas ut av drift. Entreprenør må sikre at oppstraums tilførsel blir handtert.

Overvatn skal førast via røyr og eventuelle pumpeløysingar til nedstraums overvassanlegg. Overvatn skal normalt ikkje renne i gravetrau/grøft, men førast via lukka røyr. Eventuelt lokalt overvatn må inkluderast i anlegg som førast til nedstraums anlegg.

Det må planleggast og eventuelt etablerast løysingar for flaumsituasjon i anleggsområdet slik at skadar vert redusert til eit minimum.

4 Anlegg for vatn og brannvatn

Ved montering av V1 (erstatning av KSID 1045) vil leidning mellom KSID 702 og endekum KSID 1140 bli utan vatn. Dette vil omfatte kummar med uttak av brannvatn (SID 1045 og KSID 1140). Mikkelparken (inkludert eventuelt sprinklaranlegg for Mikkelparken) er forsynt via dette anlegget.

Ved utgraving av byggetomt for nytt bygg og etablering av V3/S2 vil leidning mellom KSID 1150 og KSID 1182 bli utan vatn. Trase mellom V4 og V5 skal også krysse denne vassleidninga, og det vil kunne være behov for tiltak med denne vassleidninga. Dette vil omfatte kum med uttak av brannvatn (SID 17707, og vatn til sprinklaranlegg for Bråvolltunet. Eventuelle bygg utanom Bråvolltunet kan ha tilkoplingar til denne leidning.

Ved ombygging av KSID 773 må kum gjerast trykklaus. Grunna konsekvensar for vassforsyning for større område vil ikkje arbeid i denne kum kunne utførast før strekk V1 – V2 – V3 er ferdigstilt, desinfisert og sett i drift for forsyning av sentrum frå anlegg som kommer frå KSID 17707. I samband med dette arbeidt vil brannuttak i KSID 773 og KSID 1182 være utan forsyning. Når KSID 773 gjerast trykklaus vil det ikkje være vatn mellom KSID772 og KSID 1049. Husevegen 10 og Husevegen 14 er tilkopla anlegg som vil verte utan vatn.

Bråvolltunet forsynast i dag via KSID 1178. Dersom behov for å ta strekk mellom KSID 1178 og KSID 1182 ut av drift vil Bråvolltunet kunne forsynast via anlegg frå KSID 1053.

Ved kortvarige omkoplingar skal de som vert omfatta av manglande forbruksvatn varslast dagen før. Varsel skal innehalde tidspunktet for utkopling og innkopling, og prosedyrar de treng utføre for å sikre at de ikkje får skade på eigne anlegg. Varsel skal godkjennast av byggjeleiar. Ved fråvær av vatn ut over 8 timar skal normalt midlertidig forsyning etablerast. Entreprenør skal ha plan/prosedyrar som gjer at vatn ikkje vert ureina, og eventuelt prosedyrar på desinfisering.

Ved forhold som gjer at punkt for brannuttak vert ute av drift skal dette skje i samråd med avdeling for Brann og Redning. Det kan verte aktuelt å måtte legge ut brannslangar slik at Brann og Redning ikkje skal nytte unødig tid på slangeutlegg ved ein brann.

Det gjerast merksam på at brannvatn knytt til Bråvolltunet vil kunne krevje at sjukeheimen har ekstra personell som kan bidra med evakuering, og at Brann og Redning må endre beredskapen sin. Kommunen vurdere at sidan vassanlegg nedstraums Bråvolltunet vert ute av drift over lenger tid vil løysing være at leidning midlertidig gjerast trykklaus, blindast nokre meter nord for V3, blinding forankrast før leidning kan påførast trykk att. Blinding må være av art der man får evakuert luft i leidning.

All varsling og stenging av vatn skal ha klarsignal frå byggjeleiar og driftsavdeling for VA-anlegg. Stenging av hovudleidningar skal skje i samråd med driftsavdeling for VA-anlegg.

5 Prising av midlertidige løysingar for VA-anlegg

Alle forholda i dette NOTAT skal inkluderast i post for midlertidige anlegg (post 3.9.1 og post 3.9.2). Det er entreprenør som må planlegge og prise sine arbeider (inkludert delar og utstyr). Eventuell desinfiseringar mv skal være inkludert. Eventuelle forhold knytt til at Bråvolltunet og avdeling for Brann og Redning må auke beredskap vert kostnadsført internt.

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
F01	2026-08-24	For bruk i anskaffing	SSOR	EMHEN	TOROSM

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.